



Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8692-64

## **Val av ny varamedlem til kontrollutvalet**

### **Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Som ny 2. varamedlem i kontrollutvalet etter Liv Stave, vel fylkestinget .....

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

I e-post til fylkesordføraren datert 30.08.17 opplyser Liv Stave at ho 15.09.17 skal flytte fra Sogn og Fjordane til Møre og Romsdal.

Stave er 5. varamedlem til fylkestinget og 2. varamedlem til kontrollutvalet.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Ved flyttinga er ikkje Stave lenger valfør til fylkestinget og kontrollutvalet og trer utan vidare ut av verva som varamedlem til desse organa, jf. vallova § 3-3 (1) for fylkestinget sitt vedkomande, og kommunelova § 15, nr. 1. for kontrollutvalet sitt vedkomande.

#### **2.1 Fylkestinget**

Gruppa til Liv Stave har fire representantar i fylkestinget og heile seks vararepresentantar når ein ikkje reknar med Stave. I medhald av vallova § 14-2 (2) har fylkesordføraren difor avgjort at det ikkje er naudsynt for fylkesvalstyret å føreta nytt valoppgjer som følgje av at Stave trer ut av vervet som varamedlem. Dette til orientering for fylkestinget.

#### **2.2 Kontrollutvalet**

Fylkestinget må velje ny 2. varamedlem til kontrollutvalet. Suppleringsvalet skal skje frå den gruppa som har eit utilstrekkeleg tal varamedlemer. Reglane om kjønnsrepresentasjon gjeld også for val av varamedlemer.

Utelukka frå val til kontrollutvalet er m.a. medlem og varamedlem av fylkeskommunal nemnd med avgjerdsmynde, medlem og varamedlem av fylkestingskomité og tilsette i fylkeskommunen, jf. kommunelova § 77, nr. 2.